



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato  
01.03.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2017/1668 612  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

### Utlysing - Kompetansemidlar til kommunar og barnehagar 2017

Fylkesmannen i Hordaland tildeler kr. 4 460 000 til barnehagebasert kompetanseutvikling i Hordaland. Utdanningsdirektoratet har i 2017 brukt ein ny fordelingsnøkkel når det gjeld fylkesvis tildeling av desse kompetansemidlane. Dette har ført til at Hordaland har fått redusert si tildeling med om lag 1 million kroner frå 2016.

#### Fordeling til kommunane i Hordaland

Beløpet blir fordelt etter søknad med ein fordelingsnøkkel der 10 prosent av beløpet er likt til alle 33 kommunane. Resten blir fordelt etter tal årsverk pr. 15.12.2016. Ei oversikt over kva kommunane kan søkje om er lagt ved dette brevet.

#### Vilkår for å få midlar

Midlane skal nyttast til kompetansetiltak til tilsette i private og kommunale barnehagar i 2017, eventuelt kan ein bruke midlane i barnehageåret 2017 - 2018. Dei skal brukast til barnehagebasert kompetanseutviklingstiltak i samsvar med formål i rammeplan og i strategien «Kompetanse for framtidas barnehage, Strategi for kompetanse og rekruttering 2014 – 2020» og nasjonalt prioriterte fagområde.

Målet er å utvikle den pedagogiske praksisen i barnehagen. Alle tiltak skal vere forankra i kommunen sin kompetanseplan som skal vise kva ein planlegg å bruke dei omsøkte midlane til. Ein føreset at både private og kommunale eigarar / styrarar medverkar til utarbeiding og oppfølging av planen.

- Det er gitt sentrale føringar frå Utdanningsdirektoratet kva ein kan søkje om. Nærare informasjon om dette er lagt ved dette brevet.
- Utgifter til eksternt fagmiljø skal gå fram av søknaden. Kompetanseplanen for 2017 skal leggjast ved i søknaden.

#### Barnehagemyndigheita sine oppgåver

Fylkesmannen oppfordrar barnehagemyndigheita om å informere alle barnehageeigarar, kommunale og private om utlysinga, og å motivere barnehageeigar med eit særleg behov for å utvikle kompetanse innanfor dei prioriterte satsingsområda.

Barnehagemyndigheita, barnehageeigar og barnehageleiar (styrar) er ansvarleg for å sikre heilskap og god samanheng i arbeidet med kompetanseutvikling for sine tilsette, inkludert tilrettelegging for at tilsette kan delta på kompetanseutviklingstiltak.

## Rapportering

Kommunane skal rapportere til Fylkesmannen om bruken av midlane innan seinast **1. desember 2017**. Vi ber om at de overheld denne fristen.

Rapporten skal innehalde oversikt over kva tiltak som er sette i verk i 2017 og plan for eventuelt ubrukte midlar på rapporteringstidspunktet. Kommunen må rapportere spesielt om kor mange tilsette i kommunale og kor mange private barnehagar som får tilbod om å delta i felles tiltak, og kor mange som får midlar til barnehagebaserte prosjekt innan dei tema som er prioriterte i nasjonale førингane.

Det er difor nødvendig at de med tanke på rapportering registrerer talet på barnehagar og tilsette frå kommunale og private barnehagar opp imot det enkelte tiltaket som de brukar midlar til.

**Søknadsfrist til Fylkesmannen er 20. april 2017.** Søknader blir behandla etter kvart som dei kjem inn.

Med helsing

Hanne Melander  
seniorrådgjevar

Ingunn Landro Sandset  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Vedlegg :

1. Kompetansemidlar 2017 – Nærare føringer om bruk av kompetansemidlar til kommunar og barnehagar.
2. Oversikt over beløp ein kan søkje om.